



Byggmester Lars Svendsen AS
Kopper 3
5947 FEDJE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/161 - 22/2519

Sakshandsamar:
Rolf Hansen
rolf.hansen@fedje.kommune.no

Dato:
02.06.2022

Løyve til oppføring av naust og brygge på gbnr 168/125

VEDTAK

Ein viser til saksutgreiinga. I medhald av § 20-1 i Plan- og bygningsloven (Pbl.) og delegeringsreglementet for Fedje kommune vert det gjeve byggeløyve for oppføring av naust og brygge på gnr/bnr.168/125 i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald og merknader:

1. Plassering skal skje som vist på motteken situasjonsplan.
2. Når byggearbeidet er ferdig og naudsynt sluttdokumentasjon føreligg skal det søkjast om ferdigattest, jf. § 21-10 i Pbl.
3. Tiltakshavar skal betale byggesaksgebyr på kr 4.800,-. Gebyrkrav vert ettersendt.
4. Arbeidet skal utførast etter Pbl. med underliggjande regelverk.

FAKTA OM SAKA

Søknad om løyve er motteke her 24.03 og suppleringar den 08.06.2022. (ettersendast frå ansvarleg søkjar)

Følgjande føretak har erklært ansvar i saka:

	Fagområde	Tiltakskl.	Føretak og organisasjonsnummer
Ansvarleg søkar:	Søkjjar	1	Byggmester Lars Svendsen AS 918 507 728
Ansvarleg prosjekterande:	Arkitektur naust	1	Byggmester Lars Svendsen AS 918 507 728
Ansvarleg prosjekterande:	Grunn- og betongarbeid	1	Samsøy Maskin AS 918 436 235
Ansvarleg utførande:	Tømrararbeid	1	Byggmester Lars Svendsen AS 918 507 728
Ansvarleg	Grunn- og betongarbeid		Samsøy Maskin AS

utførende:		918 436 235
------------	--	-------------

Tiltaket er nabovarsla jf. Pbl § 21-3. Det det har ikkje kome merknader til saka.

Følgjande målsatte kart og teikningar ligg til grunn for vedtaket:

Skildring	Dato
Situasjonsplan	24.03.22
Fasadeteikningar	24.03.22
Snitteikningar	
Planteikningar	24.03.22

Areal	Nytt m ²	Totalt m ²
Bruksareal (BRA)	35	
Bebygd areal (BYA)	35	

Planstatus

Tomta ligg i område avsett i kommuneplanen til byggjeområdet.

VURDERING AV SØKNAD

Avkjørsle

Ingen avkjørsle frå veg då sti skal nyttast.

Byggegrense veg

Nauset skal plasserast nærare fylkesveg enn 15 meter. Kommunen gjer med dette dispensasjon frå byggegrensa i kommuneplanen då nauset vil stå nedenfor veg i bratt skråning og har ikkje noko verknad på siktlinja.

Oversendelse

Søknad sendast til Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS som handsamar søknaden etter hamne- og farvannslova.

Tilhøvet til anna lovgjeving og private rettstilhøve

Løyvet er gitt i samsvar med Pbl. og gjev ikkje utan vidare rett til å byggja etter anna lovgjeving eller privatrettslege tilhøve, jf. Pbl § 21-6.

AVSLUTNINGSVIS

Er ikkje arbeidet sett i gang innan tre år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt for lengre tid enn to år, jf. Pbl. § 21-9.

Heradet kan når som helst, og inntil fem år etter at ferdigattest er gitt, gjennomføre tilsyn, jf. Pbl. § 25-2.

Vedtaket kan klagast på, jf. Pbl. § 1-9 og Forvaltningsloven § 28. Ei eventuell klage må leggjast fram skriftleg til heradet innan tre veker etter at vedtaket er motteke, jf. Forvaltningsloven § 29.

Med helsing

Rolf Hansen
kommunalsjef teknisk og eigedom



FEDJE KOMMUNE
– *Landsbyen i havet*

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marit Thomassen Liland	Storevarden 29	5350	Brattholmen
------------------------	----------------	------	-------------

Mottakarar:

Byggmester Lars Svendsen AS	Kopper 3	5947	FEDJE
-----------------------------	----------	------	-------